

VOSS KOMMUNE
Postboks 145
5701 VOSSDato:02.05.2018
Vår ref.: 2018/8643-4
Saksbehandlar: liztoll
Dykkar ref.:

Fråsegn til planprogram og varsel om oppstart av ny sentrumsplan Vossevangen - Voss kommune

Vi viser til brev datert 14.03.2018 om oppstart av arbeid med områderegulering for Vossevangen med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for eit levande og attraktivt regionsenter, med fleire bustadar, offentlige tenester og handel på ein måte som sikrar berekraftig utvikling. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til sentrumsformål.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet og oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Planfaglege merknader

Planprogrammet er gjennomarbeidd. Det har ei tydeleg kopling til overordna styringsdokument som kommuneplan, regionale planar og nasjonale retningslinjer. Planprogrammet er konkret med ein god struktur og tydelege formuleringar av kva utfordringar kommunen har, og kva målsetjingar som er lagt for planarbeidet. Innleiinga om utfordringar med kommunesamanslåing og moglegheiter med ny infrastruktur som vil knyte Voss tettare til Bergen er beskrivande og kan gje eit godt grunnlag for engasjement og medverknad: Fylkeskommunen stillar seg bak måla 1; legge til rette for eit levande og attraktivt regionsenter, 2; utvikle eit sentrum kor det er godt å leve, bu arbeide og besøke og 3; ei berekraftig utvikling.

Planavgrensinga er tydeleg og tilpassa målsetjingane for planarbeidet, med ein radius på om lag 10 minuttars gonge frå kyrka på Vangen til ytterkantane. Planprogrammet synar at sentrumsplanen skal erstatte nokre planar, andre vil bli innlemma i ny plan og nokre detaljreguleringsplanar vil framleis gjelde. Vi har tro på at planen bør følgjas opp av eit strategisk dokument som definerer rekkjefølgje for utvikling av områder og tiltak i sentrum. Det er nemnd at vidare arbeid med til døme byrom skal kunne løysast ved byggsaksbehandling. Vi rår til at anlegg og bygningar som ikkje skal behandlast gjennom ein detaljplan vert grundig detaljert, og med kvalitetskrav, i områdeplanen. Gjennom dette vil kommunen få eit godt plangrunnlag for ei heilskapleg og føreseieleg vidare utvikling av det framtidige kommunesenteret.

Konsekvensutgreiing

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU). Vi stiller spørsmål ved formuleringa i planprogrammet under punkt 6. – utgreiingar: *Det vil ikkje leggast til rette for nye tiltak eller vesentlege endringar / utvikingar av tiltak som nemnt i forskriftens vedlegg I og II, utan at det vert stilt krav*

om vidare detaljregulering. Samstundes opnar målsetningane under pk 2 kor målsetningane for tilrettelegging for både bustader og areal til handel og næringsliv.

Om det planleggast for til dømes næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m², vil krav til KU verte utløyst, jf. Forskrift om konsekvensutredning, vedlegg I pk. 24), eller om det planleggast for tiltak som faller inn under vedlegg II pk. 10b): Utviklingsprosjekter for by- og tettstedsområder, inkludert kjøpesentre og parkeringsanlegg, og 11j) Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål.

Områdeplan for Vossevangen vil gje nye rammer for busetnad i eit område med høg antikvarisk verdi (deler av området ligger på Riksantikvarens NB-liste), og ny busetnad vil måtte handtere andre viktige problemstillingar som til dømes flaum. I arbeidet med områdeplanen kjem ein vanskeleg utanom KU-vurderingar om hensikta med arbeidet er å sjå på Vossevangen som eit utviklingsområde og ein vil vurdere dei ulike delane i samheng med kvarandre. KU gjennomførast normalt på øvste plannivå, slik at kommunen kan ta kunnskapsbaserte valg om ønska utvikling, og samtidig auke gjennomføringskrafta til planen då utgreiingskostnadane ikkje vert skyvd over til den enkelte grunneigar/utviklar på neste nivå.

Medverking

Når det gjeld involvering og medverknad har kommunen skildra ei open og inviterande haldning. Dette er positivt og vil kunne gje erfaringsbasert kunnskap om korleis området fungerer i dag, samt visjonar for framtida. For å lukkast med planarbeidet, og ikkje minst med gjennomføringa av planen er det viktig at dei ulike aktørar og interessentar vert aktivt involvert, og i størst mogeleg grad identifiserer seg med måla i planen og med løysingane. Vi rår til at kommunen legg større vekt på å aktivt involvere dei ulike interessentar og aktørar. Det bør i planprosessen lagast eit program for aktiv involvering, og kommunen bør setja av ressursar til gjennomføringa av dette. Ulike delar av den kommunale organisasjonen kan involverast, gjerne saman med relevante eksterne etatar og aktørar.

Representantar frå fylkeskommunen har ved fleire høve deltatt på verksteder knytt til senterplanen, og vi rådgir gjerne i den vidare prosessen. Vi ser at dei lokale næringsdrivande er trekt med på ein god måte i arbeidet med DIVE-analyse, men trur planen vil styrkast gjennom ein enda sterkare forankring i sivilsamfunnet. For å få med ungdommar, framandkulturelle og born, må ein gjerne ta i bruk utradisjonelle metodar for medverking. Sjå korleis Lindås kommune mellom anna inviterte til gjestebod i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel i Line Thuen Waages (Lindås kommune) presentasjon [her...](#) Sjå og KMD sin rettleiar *Medvirkning i planlegging* for gode innspel til korleis involvere innbyggjarar i planlegging [her...](#)

Tettstads- og sentrumsutvikling

Planprogrammet har ei god kopling mot kommuneplanen og mot *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* - Senterplanen. Planprogrammet er noko vagt når det gjeld omfang av framtidig busetting, anna enn at det skal søkast å fortette på ein måte som vidarefører dagens kvaliteter og «bygde»identitet. Det pågåande arbeidet med DIVE-analyse vil avdekke område med potensial for fortetting og område som er meir sårbare for ny busetnad.

Regional plan for attraktive senter definerer mål og strategiar for ein langsiktig senterstruktur i Hordaland og gjer greie for korleis ein gjennom god planlegging kan bidra til å skape attraktive sentrumsområde. Det overordna målet for sentera er at dei skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i. Dette er presisert i følgjande delmål:

- Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader
- Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne
- Sentrumsutvikling skal byggje på stadens historie, særpreg og landskapstrekk
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar

- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet

Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader

Områdeplanen bør presisere fordelinga mellom bustader, forretning og tenesteyting/kontor innan sentrumsformåla. Føresegnene bør vere styrande og stille krav om publikumsaktive formål på bakkeplanet der kor ein planlegg for detaljhandel og publikumsretta tenester og servering. På mindre plassar bør det være tydelig definert kor ein planlegg for dette, innanfor eit avgrensa område slik at ein sikrar gjennomføring. Det er eit godt urbant prinsipp å sørge for aktive første etasjar, men likevel gje opning for ulike typar næringer som kan ta plass her slik at ein sikrar ein viss fleksibilitet. For å gje større rom for fleksibilitet i bruk kan ein vurdere om det er tilstrekkelig å stille krav om at sokkeletasjane skal tilretteleggjast slik at dei kan utnyttast både til bustad og næring (til dømes med min. 4 meters etasjehøgde).

Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne

Fleire forhold påverkar kor attraktivt det er å gå eller sykle i urbane strøk, kontra det å køyre bil internt i området. Planprogrammet syner ei forståing om betydninga av ein småskala gateromsstruktur med eit finmaska nettverk for mjuke trafikanter, tettheit av uteopphaldsareal og møteplassar og høg grad av publikumsaktivitet, som gode grep som bidrar til berekraftig framtidretta stadsutvikling og på mindre stadar. Kvartalslengda er ei avgjerande faktor, og ein opererer ofte med 50-70 meter som maksimalgrenser, avhengig av aktivitet og tettheit på dørar i fasadane. Likeeins er det viktig med tettheit av inngangar frå gateplan og transparente fasadar, særleg i dei den første høgda.

Nye bustadområde i sentrum

Planprogrammet nemner i liten grad bustadbygging. Fylkeskommunen vil oppmode om at det vert satsa på etablering av fleire bustadar innanfor planområdet med en variasjon i typologi og storleiker, då fleire bustader i sentrum vil bidra til økt liv på Vossevangen gjennom døgnet og året. Å kombinere ulike formål og samstundes skape stabile, gode bumiljø stiller store krav til utforminga av dei bygde strukturane, som skal fylle rolla både som eit handels- og sentrumsområde og som nærmiljø for eit stort og bredt utval bustader. Det vil framleis vere behov for fellesareal reservert bebuarane (på tak eller bakkeplan) då behovet for uteopphald ikkje berre kan dekkast gjennom parkar, torg og anna offentleg grøntareal.

Manglande tilgang til felles, halvprivate uterom som er trygge, funksjonelle og lett tilgjengelige, karakteriserer mange nye bustadområde i sentrumsområde. Nyare studiar på bumiljø i den tette byen visar at uteopphald og fortetting ofte er motstridande omsyn, og at dette er ein av dei største utfordringane knytt til bokvalitet og sosial berekraft i urbaniseringa av små og store stader. Offentlege område kan ikkje i fullt mon dekke dei behova som halvprivate og private areal kan fylle. Ein treng å innarbeide krav om at heile spekteret av uterom skal dekkast, og i tillegg stille tydelege kvalitets- og funksjonskrav. Dei same studiane viser at bumiljø i motsett fall fort vert ein salderingspost, med negative konsekvensar for bebuarane i områda. Brukarundersøkinga *Rural Urbanitet* vil kunne gje gode pekepinn på kva som fungerer på Voss, og korleis vidareutvikle eksisterande og nye byrom.

Sjå fleire føringar for planprosess og arealbruk i *Regional plan for attraktive senter* under punkt 2.3 – *retningslinjer*.

Arkitektur og estetikk

Omgjevnader med høg estetisk eller arkitektonisk verdi påverkar menneska som oppheld seg der og kan verke inspirerende og fremje trivsel i kvardagen. Kvalitet i bustadområde er meir utfordrande i sentrum enn elles, og sentrumsområdet må vurderast nøye med omsyn til lys, vind, støy og forureining, og krav til kvalitet bør nedfellast i føresegna til planen.

Næringsutvikling, handel og handelsanalyse

Det er positivt at næring og handel skal vere eit eige utgreiingstema i planarbeidet. I tillegg synar planprogrammet ei medvite kring berekraftig utvikling og den grøne omstillinga.

Det går fram at sentrumsplanen skal bygge opp under eit Vossevangen med eit mangfald av funksjonar og tilbod, både for befolkninga og tilreisande. Behova og «trykket» vil svinge gjennom året, slik at det er viktig å sikre fleirbruksareal/aktivitetsområder som appellerer til eit mangfald av brukargrupper. Eit godt moment i planprogrammet er fokuset på korleis staden kan utvikla seg på ein måte som oppmodar til meir og betre opphald i sentrum (gjennom dagen og året), og gje eit meir «levande» sentrum som kan styrke trivnad og kundegrnlag for næringsdrivande.

Handelsmønstra har endra seg dei siste 20 åra, og på mange stader tømst historiske sentrum for butikkar og liv, til fordel for «big boxes» og kjøpesenteretablering i randsona eller langt utanfor. Voss har og utfordringar med at Vossevangen har verte svekka som eit økonomisk senter dei seinare åra, og med det har mykje av «bymylderet» levande butikkar stimulerer til svunne hen, eller står i fare for å gjere det. Næringsareal for større handelskonsept bør derfor og finne plass innanfor planområdet, for å støtte opp under rollen som regionalt senter, og for å gje «drahjelp» til lokal næringsverksemd på Vangen. Men med krav om tilpassing til eksisterande bystruktur og kvalitetskrav til utforming, slik at sentrum vert tilført eit gode både på innhald og visuelt uttrykk.

Dei regionale føresegnene i Senterplanen erstattar *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008. Ved etablering av samla handelsareal (BRA) på over 3000m² i eit bygg, skal fylkeskommunen ta stilling til om tiltak kan gjennomførast gjennom samtykkehandsaming, jf § 4.1 i *Regional plan for attraktive senter*. I forkant skal det verte utarbeida ei handelsanalyse som skal sikre at sakar som gjeld ny handelsetablering blir tilstrekkelig opplyst før ein tar ei avgjerd, jf § 4.2. , i tråd med regional føresegn og fylkeskommunen si mal for handelsanalyse.

Handelsanalysa for Vossevangen bør syne ei berekning eller sette tak på kor mange m² handelsareal som kan etablerast, som kan erstatte behov for samtykkehandsaming i kvar enkelt byggjesak eller detaljplan over 3000m². Det er ein fordel å planlegge dette på områdeplannivå, då det skaper føreseie for utbyggarane. Fylkeskommunen held p.t. på å utarbeide ein mal for handelsanalyse, og vil i løpet av våren 2018 gjera denne tilgjengelig på nettsida til planseksjonen i *Hordaland.no*. Vi ber om at det vert sendt samtykkesøknad med grunnlag i handelsanalysen i samband med områdeplanen dersom det planleggast for handel over 3000m².

Samferdsel

Voss kommune har i planprogrammet lagt stor vekt på å legge til rette for gange og sykkel for å sikre eit sentrumsområde som ikkje er dominert av biltrafikk. Dette er positivt og i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Det er i by- og tettstadsområder og rundt kollektivknutepunkter det i særleg grad skal leggast vekt på høy arealutnytting, fortetting og transformasjon, samt andre transportformer enn bil. Voss stasjon er eit viktig kollektivknutepunkt i kommunen, og utbetring av jernbanetilkyntinga til Bergen gir store moglegheiter for den vidare utviklinga av Voss. Fokuset på tilrettelegging for mjuke trafikantar stør og opp under delmålet «Berekraftig bygd».

I områdeplanen vil viktige avklaringsar vere kor ein skal prioriter dei ulike trafikantgruppene. Kor skal det vere bilparkering, kor skal ein legge sykkeltraséar og kor skal forgjengarane vere prioritert? I tillegg må det takast omsyn til kollektivtransport gjennom sentrum. Fylkeskommunen legg til grunn at trafikktryggleik er med i utviklinga av gode løysingar for dei ulike trafikantgruppene.

Parkering

Eit urbant bymiljø heng saman med kva parkeringspolitikk og løysingar som er gjeldande, og parkering er nemnd som eit eige punkt i planprogrammet. Områdeplanen bør ta opp i seg ulike parkeringsløysingar som gjev naudsynt tilgjenge for næringsliv og kundar, men framkomme til mjuke trafikantar skal prioriterast, samt skal alternativ til overflateparkering utgreiast då dette er vanskeleg å foreina med utviklinga av kompakte og attraktive tettstader. Parkeringsprinsipp vert løyst best i ein overordna plan som Voss kommune no legg opp

til for Vossevangen, og ikkje vert overlate til den enkelte grunneiar/utviklar å definere. Ei trafikkanalyse som syner intern- og lokaltrafikk, kan vere eit godt reiskap i prosessen. Sjå korleis Bø kommune har avgrensa intern- og lokaltrafikken, auka andelen som går og sykklar, og gjort Bø sentrum meir attraktivt gjennom etablering av «Bygdepakke Bø og Sauherad» og «Sykkelbyda Bø» på kommunens egne heimsider <http://www.bo.kommune.no/tenester/plan-miljo-og-utvikling/utviklingsprosjekt/bygdepakke-bo/>

Barn og unges interesser

Planprogrammet har tydeleg fokus og målsetjingar for å få til gode gang- og sykkelveggar til barnehage, skular og idrettsanlegg m.m., og til gode og attraktive aktivitetsområde. Det er lagt vekt på at områdeplanen skal legge til rette for fortsatt drift av og utviing av skole og barnehagar, som vil vere viktige moment på vegen til 10-minuttersbyen. Vi rår til at det og vert fokus på at Vossevangen i framtida tilbyr varierte tilbod for born og unge både innom- og utomhus, då dei kan vere viktige aktørar i bylivet og kunne ha ei fullverdig fritidstilbod i sitt nærrområde.

Fylkeskommunen har for kort tid sia ferdigstilt 2 nye skular på Voss, og med ny regioninndeling vil det og vere naturleg å knyte seg mot Vik. Aurland, Lærdal og Årdal i tillegg til mot Hardanger. Voss gymnas har gjeve utrykk for at det er viktig å sikre tilkomst til bygget, og spesifisert at krysset i Uttrågata er utfordrande med tidvis kødanning. Skolen har og ytra uro for etablering av nye høghus på Vangen, om dei svekkar skulens posisjon som sentralt element på Vangen. Vidare framheve dei rekreasjonsområdet i Prestegardsmoen som viktig for skulen sine elevar.

Folkehelse og nærfriluftsliv

Det er positivt at planprogrammet vektlegg det sosiale berekraftaspektet, og har fokus på å sikre ei utvikling som bygger ned dei sosiale skiljelinene. God psykisk helse heng gjerne saman med fysisk velvere og aktivitet, og Voss har sær gode naturlege føresetnadar for eit aktivt liv på «urbane» Vangen. Arrangement som til døme festivalane Vossjazz og Ekstremsportveko bidreg til å endre forståelsen av korleis urbane rom kan vere og kva vi kan gjere der; korleis kan byromma både romme kontemplasjon, møte og nokre gongar utfordringar?

Dei seinare år har kommunen og vore aktive i å styrke Vangen si attraktivitet, gjennom etablering av miljøgate i Vangsgata, oppgradering av Sverres plass, midlertidig skeisebane framfor Tinghuset, aktivitetsarena ved Vangsvatnet, nytt badeanlegg, sykkelplan, etc. I tillegg gjer regionale og internasjonale arrangement som Voss cup og Ekstremsportveko sitt til at (*Ekstrem*)sportbygda Voss gjer seg gjeldande som bumerket ved bygda. Planarbeidet bør støtte opp under desse kvalitetane og vidareutvikle Vangen og Prestegardsmoen til å bli innbydande til å bevege seg, til opphalde ute, og for eit mangfald av ulike deltakarar og aldersgrupper, uavhengig av funksjonsnivå og sosial status.

Klima og energi

Regional klimaplan inngår som ei regionale føring, og måla i denne planen bør leggjast til grunn for planarbeidet. Fortettingsstrategien og fokuset på å leggja til rette for gange og sykkelbruk i planprogrammet er positive grep.

Kulturminne og kulturmiljø

Voss kommune har starta opp arbeid med revidering av kulturminneplan for Voss. Parallelt med planarbeid er dei i gong med ei kulturhistorisk stadanalyse (DIVE) av Vossevangen. DIVE-analysen er ein måte å dokumentere, framheve og vurdere viktige kulturminne og kulturmiljø innafor planområdet. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser innafor planområde vert omtalt, verneverdiane vurdert og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.

På Vossevangen finst det fleire kulturminne og kulturmiljø av høg verdi. Delar av Vossevangen er ført opp på Riksantikvaren sitt NB!-register over byar med kulturhistoriske bymiljø av nasjonal interesse. På Voss er desse interessene knytt til tettstadstrukturen og byplanen med byrom. Byplanen over Vangen er basert på

"Brente Steders Regulering". By- og bygningsstrukturane i sentrum har både bygningar frå før 2. verdskrig og arkitektur etter krigen av nasjonal interesse. Korleis utstrekning av NB!-område på Vossevangen skal vere, bør takast opp i planarbeidet og DIVE-analysen i dialog med Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren.

Fleire bygg og kulturmiljø er regulert til vern eller vist som omsynssone. Det er viktig at omsynssonene vert vidareført i planarbeid og i områdeplanen. Busetnad kring jernbanestasjon med toghallen og Lekvemoen er eksemplar på viktig kulturmiljø å sikre. Arkitekturen som vart bygd rett etter krigen er ein karakteristisk og lågmælt arkitektur som underordnar seg landskapet. Samspelet og siktlinjer mellom bygningsmassen på Vangen vil difor være viktig i det vidare arbeidet.

Forholdet mellom den bevaringsverdige bygningsmassen og utviklinga av sentrum er heilt sentrale tema som må sjåast i samanheng. Dei framlagte planane må ikkje redusere opplevinga av det einskilde kulturminne og det samla kulturmiljøet. Volum og høgde på den samla nye bygningsmassen må tilpassast .

Nær- og fjernverknad av utbyggingsområde til landskapsrommet og til eksisterande bygg i omgjevnadene må bli vurdert og teken omsyn til. Dei nye bygga må få proporsjonar som fungerer i samsvar med omgjevnad og landskapsrom. Skalaen i eksisterande bygningsmiljø, når det gjeld høgde og bygningsvolum bør vidareførast. Planarbeid må sikre føresegnar for utnyttingsgrad, utforming og høgde som ikkje går ut over området karakter og viktig kulturmiljø. Kommunen bør ta vare på eksisterande strandsone som er ein vesentleg del av kulturmiljøet i sentrum. Utviding av planområdet mot aust bør vurderast for å kunne ta høgde for eventuelt utviding av sentrumsfunksjoner ved kjøpesenteret «Amfi».

Omsynssoner kulturmiljø

Freda kulturminne, som Voss kyrkje med mellomalder kyrkjegard og lensmannssteinen Askeladden-id 85868, 126179, og steinkors id 25683 må visast i plankartet som omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl § 11-8 d) og § 12-6 (sosi kode H730).

Eksisterande omsynssoner for kulturminne innafor plangrense må sikrast i planen og eventuelle nye område som kjem fram gjennom DIVE-analysen må leggst til. Omsynssone C jf. pbl. § 11-8 c) og § 12-6 (sosi kode H570) kan brukast for sikringssona til automatisk freda kulturminne og for å sikre viktig kulturmiljø både dei som alt er regulert til vern og dei som DIVE-analysen peiker på som viktig å ta vare på. Omsynssone d) og c) må ha føresegnar som sikrar kulturminnet. Omsynssone d) og c) skal kombinerast med andre arealformål, som t.d. friluft og grønstruktur.

Potensial for funn av urørte automatisk freda kulturminner innafor planområdet er relativ låg.

Bergens Sjøfartsmuseum

Museet har tidligare gjort funn av ein båt og synketømmer innanfor det planlagde området. Desse blei vurdert som mindre viktige og den nordlege delen av planområdet blei anmoda frigitt for utfylling i rapport frå feltarbeid i 2002. Storparten av planområdet som ligg i vatn har ikkje vore undersøkt. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på botn av Vangsvatnet vurderar me for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum varslar at dei som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være båtfunn eller andre kulturminne i vatn i tiltaksområdet når saka kjem på høyring. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga. Dei ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum (Thomas Bjørkeland, marinarkeolog, 55549611 marinarkeologi@bsj.uib.no) vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som dei må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Vi rår kommunen til å gå i dialog med kulturminnemynda for å synleggjere konfliktområda og om moglege finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet som eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å gjere Voss sentrum til eit attraktiv og levande regionsenter. Det blir lagt til rette for vekst i sentrum og tydelege føringar for overordna strukturer og ferdsel. Sentrum skal vere tett og ha gode samanhengande ferdselsårer der dei mjuke trafikantane er prioritert. Funksjonelle gang- og sykkelløysingar er avgjerande for om folk vel å la bilen stå, og dette er via brei merksemd. Idealet er «10-minutters byen», og dette gjer det svært viktig å fokusere på byrom og kva funksjoner som skal vere i dei ulike sentrumsgatene.

Fylkeskommunen meiner planen vil vere i behov for konsekvensutgreiing, og ber kommunen vurdere dette punktet på nytt.

Som kulturminnemynde krev Bergen Sjøfartsmuseum at det vert gjennomført undersøkingar med tanke på marine eller maritime kulturminne. Det vert tilrådd å ta tidleg kontakt med museet.

Vi vil ønskja lukke til med eit viktig og framtidsretta planarbeid, og bidreg gjerne vidare i prosessen om det er ønska.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan - REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA

Elizabeth Warren, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Thomas Bjørkeland, Bergen Sjøfartsmuseum

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland